


Grunneigarar
Naboar
Offentlege høyringsinstansar

VARSEL OM OPPSTART AV PRIVAT DETALJREGULERINGSPLAN FOR LUNDARVEGEN 17

I medhald av plan- og bygningslova § 12-8 varslast det med dette om oppstart av arbeid med privat detaljreguleringsplan for eigedomane gnr/bnr 47/218 og 47/394, i Voss herad. Planområdet er på omlag 1,9 daa.



Tiltakshavar: Vossatroll AS
Gnr./Bnr.: 47/218 og 47/394
PlanID: 2024006
Plankonsulent: HLM Arkitektur AS

Eigedomen i Lundarvegen 17A og 17B på Voss er planlagt utvikla til sentrumsnære bustader. Tomta er 1890 m² og ligg sør for Lundarvegen. Den noverande bygningen er eit eldre bustadhus som er planlagt demontert og gjenoppført på annan stad.

Planlagt tiltak

Det er foreslått eit kompakt leilegheitsbygg med 8-10 einingar, fordelt på 2-3 etasjar, tilpassa det skrånande terrenget og omgjevnadene. Bygget vil ha universell utforming med heis og gode løysingar for bilparkering på eiga tomt. Tilkomst til bustadene frå Lundarvegen vil verta via eksisterande avkøyrse frå Lundarvegen mot Lundarvegen 17, 19 og 21. Sjå utfyllande informasjon i vedlegg.

Prosessten hittil og medverknad

Det er utarbeidd moglegheitsstudie, planinitiativ, søknad om oppstart av planarbeid, og det har vert oppstartmøte med planavdelinga hos Voss herad. Vedlagt ligg planinitiativ, søknad om oppstart, og referat frå oppstartmøte.

Før varsel om oppstart vart det kalla inn til fysisk informasjonsmøte med alle nærliggjande naboar. Møtet vart heldt den 20.november i lokala til HLM Arkitektur. Prosjektet ynskje å oppretthalda dialog og godt samarbeid med naboar i vidare arbeid.

Konsekvensutgreiing

Planen er vurdert etter §6 og §8 i forskrift om konsekvensutgreiingar, og det er så langt konkludert med at planen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing.

§6b slår fast at reguleringsplanar etter plan og bygningsloven for tiltak i Vedlegg I skal utgreiast iht. forskrifta. Detaljreguleringa fell ikkje inn under nokon av kategoriane lista opp i Vedlegg I. Vidare slår §8 slår fast at planar og tiltak skal konsekvensutgreiast dersom dei kan få vesentlege verknadar for miljø eller samfunn. Etter nærare vurdering iht. §10, konkluderast det med at detaljreguleringa ikkje får vesentlege verknadar for miljø eller samfunn.

Forhandlingar og rammeløyve

Iht. plan- og bygningslova §17-4 varslast det også om oppstart av forhandlingar om utbyggingsavtale parallelt med reguleringsplanen.

Og iht. plan- og bygningslova §1-7 varslast det om parallell handsaming av rammesøknad.

Innspeil og merknadar

Innspeil og merknadar til planarbeidet må sendast innan **20.januar 2025** til:
HLM Arkitektur AS, Stallgata 7, 5700 Voss eller på e-post til: ovsthus@hlm.no

Planarbeidet er også varsla på Voss Herad si heimeside under kunngjerigar:

<http://www.voss.herad.no/tenester/samfunnsutvikling/kunngjerigar>

og på HLM arkitektur sine heimesider:

<https://hlm.no/nyheter#Alle>

Alle mottekne dokument vert sendt til kommunen saman med planframlegget.

Med venleg helsing,

HLM Arkitektur



Svein Øvsthus

Vedlegg

- Vedlegg 1_Planinitiativ
- Vedlegg 2A_Søknad om oppstart
- Vedlegg 2B_Søknad om oppstart – saksframlegg Voss herad
- Vedlegg 3_Notat frå oppstartsmøte
- Vedlegg 4_Planavgrensing
- Vedlegg 5_Situasjonsplan
- Vedlegg 6_Snitt Alternativ 1A
- Vedlegg 7_Kart